


# Halvårsrapport

## #gameplan

*ressursar, mogelegheiter og ynskjer for framtida  
-Frå individuell oppfølging til gruppetiltak*



Av Sesilie Ådland 15.06.17



## Innhold

Forord .....	3
Bakgrunn .....	3
1.0 Innleiing .....	3
2.0 Resultat .....	4
Våren 2017 Oppstart 17.01.17-09.02.17 .....	4
Våren 2017 Oppstart 21.02.17 – 23.03.17 .....	5
Våren 2017 Oppstart 28.04.17-18.05.17 .....	5
TEMADAG – KARRIEREVEILEDNING 08.06.17 .....	6
2.1 Kommentar til resultata .....	6
3.0 Utvikling av #gameplan .....	7
3.1 Verktøy og metodikk .....	8
3.1.1 Verktykasse og utvikling .....	9
3.1.2 Gruppetiltak for alle .....	9
4.0 Kostnad .....	10
5.0 Oppsummering og vegen vidare for #gameplan .....	10
Vedlegg – skyggerekneskap #gameplan .....	11

## Forord

Skuleåret 2014/2015 tok me sats og gjorde alvor av oppretting av eit internt gruppetiltak for våre OT ungdomar i Hordaland Fylkeskommune. Seksjonsleiar Nina Ludvigsen var den som fekk oss i gang med ein pilot og har vore med oss heile vegen i kulissane. Det at leiinga har hatt trua på tiltaket er ein av suksessfaktorane. Tre skuleår er gått sidan oppstart av #gameplan og fortsatt driftar me tiltaket med interne ressursar.

Underteikna og koordinator for #gameplan takkar no av som koordinator og overlèt stafettpinnen til Tyra Hesseberg. Elles takk til alle som har vore med frå start og dei som har kome til undervegs, Petter Haaland, Viviann Skjold Henriksen, Torunn Ask og Ulf Skjoldhammer.

## Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune har sidan skuleåret 2014/2015 hatt tilbod om prosessrettleiing i gruppe. Det er eit tilbod til ungdom som ikkje er klar for arbeidsretta tiltak som til dømes Ungdomsmottaket (UM), arbeidspraksis via NAV, korte kompetansegivande kurs, Hyssingen produksjonsskule m.m. Gruppetiltaket konkurrerer ikkje med andre arbeidsretta tiltak eller ordinær utdanning. Gruppetiltaket er eit prekvalifiseringstiltak for å kartleggje OT ungdomar som «flyt» litt rundt i systemet. Me som rettleiarar vektlegg prosess og målet er at dei gjennom 8 samlingar vil vere betre i stand til å ta val som kan hjelpe dei på vegen mot utdanning og arbeid. Viktigaste verktyet i dette arbeidet er oss rettleiarar for å skape gode relasjonar. Det er eit lågterskel tilbod og alle uavhengig av diagnose, psykisk helse mm som vert søkt inn og motivert får tilbod om plass.

## 1.0 Innleiing


Samanlikna med tidligare skuleår har me hatt eit relativt stabilt antal deltagarar i #gameplan.

- Skuleåret 2014/2015 totalt innom #gameplan **35 ungdomar**
- Skuleåret 2015/2016 totalt innom #gameplan **39 ungdomar**
- Skuleåret 2016/2017 totalt innom #gameplan + temadagar **45 ungdomar**


Rapporten viser til resultat, kostnader og nokre ord om korleis me jobbar med vidareutvikling av tiltaket. Som underteikna har sagt i tidlegare rapportar har me som mål å vere i bevegelse og utvikle oss til å bli gode prosessrettleiarar. Denne våren har nokon av oss i #gameplan deltatt på eit 40- timers sertifiseringskurs i coaching i Skånevik, leia av Coach, Inger Karin Larsen. Me blei introdusert for nyttige samtaleverkty som vil bli prøvd ut i løpet av neste skuleår 2017/2018

## 2.0 Resultat


Våren 2017 Oppstart 17.01.17-09.02.17




## Våren 2017 Oppstart 21.02.17 - 23.03.17



## Våren 2017 Oppstart 28.04.17-18.05.17



## TEMADAG – KARRIEREVEILEDNING 08.06.17



### 2.1 Kommentar til resultata

Kvantitative målingar som me gjer i #gameplan har fleire svakheiter som til dømes at tal ikkje måler den enkelte ungdomen sine indre prosessar og meistring. Det at me gjennom heile gruppeprosessen fokuserer på at dei skal bli betre kjent med seg sjølv kan føre til auka bevissthet når det gjeld mogelegheiter dei har. På kort sikt er slike indre prosessar vanskeleg å māle, men på lang sikt kan slike førebyggande tiltak vere bra for den enkelte.


Evaluering frå ungdomar som har deltatt i #gameplan seier blant anna:

*Siterte sitater(omsatt til nynorsk)*





- Eg hadde ikkje lyst til å vere med på dette her, men det var betre enn forventa*
- Eg er glad for at eg blei med, har lært litt meir om meg sjølv*
- Ein heilt ny måte å arbeide med planar på*
- Fått ny motivasjon*
- Eg forstår ikkje heilt opplegget, men sikkert bra for meg*
- Eg må jobbe med døgnrytme og er motivert for å gå i gang med aktivitet, er lei av å sitte på rommet*
- Eg veit at eg må jobbe med psyken min, synes eg er på god veg*

### 3.0 Utvikling av #gameplan

Me har no jobba med veikart sidan hausten 2016 og erfaringane me har gjort oss er at det er eit konkret og nyttig visuelt verktøy for ungdomar som ikkje er van me å konkretisere sine planar for framtida. Allereie fyrste dag av #gameplan utfordrar med ungdomane til å setje seg mål som inneber retning. Me rettleiarar skal bli betre på å sette i gang målfokus hos ungdomane. Dette er agenda på planleggingsdagane før sumaren. Det er også satt på agendaen å jobbe med døgnrytmeendring, då me ser at dette er noko mange strevar med.



### 3.1 Verktøy og metodikk



### **3.1.1 Verktykkasse og utvikling**

- Skjold-Henriksen Viviann: #Gameplan, Spillleregler, De mange intelligenser (jfr. Gardner)
- Job-pics karriereveiledningsverktøy
- Styrkekort fra [www.lent.no](http://www.lent.no)
- Ellen Sjong Veikart
- Clare Seville – Prosessveiledningsverktøy, ulike øvelser
- Coach Nina Karin Larsen, Livshjulet
- Sesilie Ådland, utvikling av gruppetiltaket #gameplan

### **3.1.2 Gruppetiltak for alle**

Hausten 2016 opna me opp for temadagar fordi det var for få påmeldte til å starte opp ei gruppe i #gameplan. Temadagar er 1 dags tilbod med plass til opptil 10 deltarar. Rammene er dei same som for #gameplan, interaktiv dag kor ungdomane må jobbe med det dei sjølv synes er nyttig, innanfor det som er tema for dagen.

Me har me utvikla fleire **Tema-dagar**:

- *Karriererettleiing*
- *Dei mange intelligensar*
- *Val og endring*

Me som jobbar i #gameplan sit også i **Nettverksgruppe for utvikling av gruppetiltak**. Vår ambisjon er å lage **Tema–dag pakker** som kan brukas av alle i OT/PPT. Me har allereie klar ei pakke, *Karriererettleiing*, og i slutten av august 2017 tilbyr me intern opplæring til alle OT rådgjevarar. Dersom OT rådgjevarar sjølv kan drifta temadagar lokalt ute på dei enkelte kontor kan det vere effektivt tiltak inn mot gjengangarar, sluttarar på grunn av feilval, psykisk helse m.m. I OTTO har me ein kode som heiter OTOV som kan vere ei gruppe å tilby karriererettleiing.

Å jobbe med ungdom i grupper er eit viktig tiltak for OT/PPT. For det fyrste er det effektivt fordi me rekk å jobbe med mange ungdomar. Til dømes kan me på ein temadag jobbe med 10 – 12 ungdomar på same tid. Skal ein drive individuell oppfølging på 10-12 ungdomar så rekk ein det kanskje på 14 dagar.

Samtidig får ungdomane trening på å vere saman med andre. Ofte ser me at dei etter kvart byrjar å hjelpe kvarandre.

## 4.0 Kostnad

Totalt 26 ungdomar har vore innom denne våren. 22 deltarar til #gameplan og 4 til temadag i karriererettleiing.

Kostnader våren 2017 både for #gameplan og temadag er på totalt kroner 15.627-. Fordelt på antal ungdomar som har vore innom #gameplan og temadag er kostnaden kr. 601,- pr. deltagar (inkl. i prisen er gratis lunsj, 2 aktiviteter og rekvisita) (sjå vedlegg). Det som ikkje er med i skyggerekneskapet er kilometergodtgjørsle og parkeringsutgifter til oss som driftar #gameplan. To av rettleiarane har og vore på konferanse i Oslo kor temaet var *Unge med psykiske lidelser og løysningar i arbeidslivet*, kostnad kr. 2525,- pr. person.

## 5.0 Oppsummering og vegen vidare for #gameplan

Vegen vidare er det koordinator Tyra Hesseberg som har ansvar for. Mykje godt arbeid er lagt ned desse 3 åra og me har opparbeida oss ei solid verktykasse. Eg ynskjer alle lukke til vidare med tiltaket vårt #gameplan. Hugs alltid at det er eit lågterskeltilbod. I prinsippet betyr det alle! Me har sagt ja til OT ungdom der me i utgangspunktet har vore litt skeptisk fordi me alltid har eit ansvar for å ta vare på det svakaste ledet i ei gruppe, men det har til dags dato ikkje vore eit problem.

Erfaringa me har opparbeid oss etter 3 år i «gameplan er at det ikkje finns so mange «late» ungdomar der ute. Det me ser er at ein del ungdomar strevar fordi dei er usikre som av og til resulterer i at dei liker å teste oss vaksne med provoserande åtferd. Me har brukt tid på å utveksle erfaringar der me synes dagane har vore utfordrande. Eit viktig tiltak er å setje av tid etter at #gameplan er ferdig. Teambuilding er avgjerande for at tiltaket skal oppretthaldast.

## Vedlegg – skyggerekneskap #gameplan

### Oppstart 170117 (9 ungdomar)

Transport	Aktiviteter	Rekvisita	Mat	Total sum
	2700,00	0,00	350,00	0,00
		0,00	300,00	300,00
	0,00	0,00	300,00	300,00
			350,00	350,00
			250,00	250,00
			470,00	470,00
0,00	2700,00	0,00	2020,00	4720,00

Forklaring:

Bowling + mat = 300,- pr pers x 9 personer

Bunnpris=

Hyssingen lunsj = 1550,-

Lunsj subway

Vilvite gratis inngang, 470,- mat

### Oppstart 210217 (6 ungdomar)

Transport	Aktiviteter	Rekvisita	Mat	Total sum
	2331,00	209,00	368,00	0,00
	400,00	0,00	327,00	727,00
	0,00	0,00	950,00	950,00
	0,00			0,00
			457,00	457,00
			0,00	0,00
			0,00	0,00
0,00	2731,00	209,00	2102,00	5042,00

Forklaring:

Bowling + mat= 2331,- / Pizza 162,- pr pers og 69,- pr.serie

Bunnpris= 368,- = pizzabaguetter + drikke

Hyssingen lunsj= 950,-

Kino + mat= 327,- for mat og 400,- for kinobill. Seniorrabatt

Rekvisita = Flip Over+sprit tusjer + kulepenner

Siste dag = mat og drikke 457,-

**Oppstart 250417 (7 ungdomar)**

Transport	Aktiviteter	Rekvisita	Mat	Total sum
	2862,00	0,00	450,00	0,00
	144,00	0,00	250,00	394,00
	0,00	0,00	298,00	298,00
	0,00		350,00	350,00
			200,00	200,00
			384,00	384,00
			777,00	777,00
0,00	3006,00	0,00	2709,00	5715,00

Forklaring:

Fløybanen 144,-  
Bowling + mat 2862,-  
Bunnpris=  
Hyssingen lunsj 450+ 250 + 200,-  
350  
Lunsj 298,- Egon 777,-

**Temadag karriererettleiing torsdag 080617**

4 ungdomar – lunsjutgifter kr 150,-